



**Sidan tidleg i ettermiddag har det regna vulkansk oske over Uskedalen som over andre delar av Vestlandet. Frå overalt i bygda kjem det meldingar om at det fine støvet frå Island har lagt seg på bilar, vindauge og terrassar. Frå nokre stader blir det meldt om ubehageleg lukt.**

Biletet over er teke utanfor Auto 88, men kunne ha vore teke kor som helst.

Luftmålingar på Danmarks plass i Bergen avslører svært dårleg luftkvalitet, faktisk 417 mikrogram av svevestøvet PM10 per kubikkmeter luft. Grensa for dårleg luftkvalitet er 150 mikrogram.

Ekspertar opplyser at utsette befolkningsgrupper med luftvegsproblem bør unngå eksponering. Dei bør kjenne etter om dei reagerer og halda seg mest mogeleg innandørs. Folkehelseinstituttet skriv at friske folk ikkje vil merke noko meir enn ubehag.

Det er venta lågare målingar utover kvelden. Onsdag vil heile Vestlandet slippe unna oskeskyen.

(Tekst og foto: Ola Matti Mathisen)